



Vigselsmåneden

Juni og juli er høgsesongen for å gifte seg. For vigsel i kyrkja. Eg synes nok, det er veldig flott at par ynskjer å feire bryllaupet sitt i kyrkja og å vere med på det som prest.

Og det er eit nokså stort tal som vel dato nett i denne perioden av sommaren. Det er jo ofte praktiske grunner at det passer betre og folk håper vêret blir fint. Men det gir ekstra meining også. Å bruke ein dag i denne perioden når sommaren er finast. Dagane er lyse og varar lenge, det er ofte fin temperatur, blomane står i full prakt og lukta frå dei flyter i lufta. Oppleve ein fin og uforgløyemeleg dag i lag med familie og vener til stades. Og eg hugsar godt dei vigslane som var dette året – ein kjempefin vigsel med mange til stades i Høyanger kyrkje blant anna og ein friluftsvigsel blant anna på ein plass ut mot havet – med nydeleg solskin ved den store krossen ved Korssundet.

Livet er ikkje alltid slik, ikkje heile vegen, det veit alle. Det blir regntunge dagar i ettertida også. Men det er å ein måte eit løfte i seg sjølv, å ha ein god start for det som kjem. Ei kyrkjeleg vigsel – uansett om det er inne i kyrkja eller utandørs – er i grunnen ei forbønshandling. At Gud lover, at han vil vere med desse to som giftar seg og heile familien. Ta seg av dei i framtida. Han lover, at det skal bli litt av denne fine starten på kvar einaste dag.

Beste helsing til alle – nygifte eller ikkje!

Andreas Ester prest